

# Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø



## Bakgrunn

Kapittel 9 A i opplæringslova handlar om elevane sitt skulemiljø. I § 9 A-2 heiter det: "Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring."

Med bakgrunn i dette ønskjer skulen å ha ein plan som tydeleggjer kva som ligg i dette.

Ogna skule sin handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø er med på å synleggjera kva som konkret skal gjerast for å fremja eit godt skulemiljø for elevane våre. Handlingane som vert skildra i denne planen ligg og inne på årshjulet til skulen, slik at dei forpliktar alle tilsette på skulen. Planen vert og revidert kvart år ved oppstart av nytt skuleår.

## Sosiale mål for periodar

Klassane har felles sosiale mål som er med i trinnet sine planar. Målet er å bevisstgjere elevar og lærar om kva me arbeider med.

## Mitt val

MITT VAL er eit universelt førebyggjande undervisningsprogram i sosial- og emosjonell kompetanse. Det dekkjer utdanningsløpet til barn og unge frå dei startar i barnehage til dei avsluttar videregående skule. Me bruker programmet for å utvikle sosial og emosjonell kompetanse, byggje relasjonar mellom barn og unge og skape eit inkluderande læringsmiljø.



## Overnattingsturar

7. trinn har overnattingstur ei natt med telt. Elevar og lærarar planlegg turen i lag. I læreplanen er det etter 7. årstrinn eit mål i friluftsliv at elevane skal planleggje og gjennomføre overnattingstur. Ofte vert turen ei form for avslutning av tida på barnetrinnet.



## Turdag

Me har ein felles turdag kvar haust for heile skulen. Føresette som ønskjer, kan vera med. Turen skal vera tilpassa alle trinn og innehalda felles grilling. Dette bidreg til å byggja relasjonar mellom elevar og mellom elevar og tilsette på skulen.



## Logg

Ein gong i veka skriv elev/heim korleis dei har hatt det på skulen. Dette gjer at ein lettare og raskare kan fanga opp kva som skjer mellom elevane i skuletida. Slik sikrar vi at elevar får formidla vidare korleis dei har det, om trivsel, og om ting som ikkje er greie.

## Uteskule

På Oгна skule nyttar småskulen nærmiljøet vårt aktivt til uteskule. På 1.-4.trinn går elevane på uteskule ein halv dag kvar veke.

På 5.-10 trinn er ikkje uteskule timeplanfesta. 5.-7. trinn har fått utvida timetal i naturfag som oftast blir nytta ute.

Uteskule inneheld først ei fagleg samling og praktiske gruppeoppgåver. Deretter nyttar me tida til leik, både organisert og frileik.

Me ønskjer å gje elevane ei praktisk, variert undervisning der me nyttar naturen og i tillegg får god sosial trening.



## Fadderordning

Nye 1. klassingar vert presenterte for fadrane sine om våren før dei startar i 1. klasse. Fadrane er komande 4. klassingar. Dei har turdag saman med sporleik, grilling og frileik. Det er trygt for ein 1. klassing når dei har ein eldre elev til å hjelpa seg i friminutta eller på bussen. 1. og 4. klasse har også nokre dagar med uteskule saman i løpet av året.

## Elevsamtalar

Alle hovudtrinna har to formelle elevsamtalar i halvåret. Småtrinnet og mellomtrinnet nyttar eit fast skjema. På ungdomsskulen har det vore nytta ulike skjema. I tillegg har lærarane på alle trinna svært mange korte eller lange uformelle samtalar med elevane. I alle samtalanene er hovudfokuset å finne ut korleis eleven har det, skape ein god relasjon til eleven og følgje opp eleven fagleg.

## Grillfesten

I starten på juni arrangerer 9.klasse med føresette grillfest for heile skulen på ettermiddagstid. Her kan ein kjøpe grillmat der inntekta går til skuletur i 10.klasse. 9.klasse legg og til rette for ulike gratis-aktivitetar. Grillfesten skal vere eit sosialt og giltt arrangement for elevar, føresette og tilsette og markerer og avslutninga på skuleåret.

## Felles måltid

På Oгна skule har me felles kantine med kokk og elevar som assistentar. Der et elevar og vaksne i lag. Det er frivillig å abonere på mat i kantina. Me legg vekt på sunn og næringsrik kost med godt utval i brødmat og pålegg, og kantina fungerer som eit sosialt fellesskap for alle



## Fellessamlingar i Amfiet

Me har felles samlingar for heile skulen der alle trinna er med, og eitt av hovudtrinna har ansvar for kvar samling. Programmet kan vere song, dans, dikt og skodespel. Trinna som er ansvarlege for samlinga tek utgangspunkt i eit tema som til dømes vennskap, mobbing, gleding osv. Elevane har høve til å vere oppfinnsame, sosiale, lære nye ting og samarbeide. Me nyttar det store og flotte amfiet som har alt utstyr som trengst for ei god framsyning.

## Overgangssamtalar

På Oгна skule har me overgangssamtalar mellom barnehagen og skulen og mellom hovudtrinn. Overgangssamtalanene er nyttige for å tryggje elevane og lærarane, og for å få eit godt grunnlag for vidare utvikling hjå elevane. Dette oppnår me ved å ha samtalar mellom foreldra og lærarane, og lærarar imellom før skulestart.

## Klassereglar for tryggleik

Alle klassane lagar klassereglar. Klassereglar for tryggleik er viktige fordi fleire elevar kan vere usikre på kva som er riktig åtferd på skulen. Det er viktig at elevane er med på å lage klassereglane som skal gjelde for dei. Då har dei meir eigarforhold til reglane og vil lettere følgje dei.



## Aktivitets- og idrettsdagar på tvers av trinn

Me har ein felles turdag for heile skulen i byrjinga av kvart skuleår. Ellers i året har me ulike arrangement og turar med aldersblanding innad på hovudtrinna. Døme på dette er: aktivitets- og idrettsdagar, fotball- og innebandyturneringar, potetfestival og juleverkstad. Målet med desse dagane er å skape ei kjensle av fellesskap og å høyre til,- i tillegg til det faglege fokuset.

## Partnerskap mot mobbing / Bygdadagen

Skulen er medarrangør av *Bygdadagen*, som blir skulen sin store "happening" i høve til *Partnerskap mot mobbing*. Skulen er då open for alle med aktivitetar i klasseromma og i skulegarden. Målet er å skape fellesskap i bygdene og ha eit felles fokus mot mobbing.

## Leirskule på Evje

Leirskulen på Evje er for 10.trinn. Elevane arbeider for å skaffe pengar til turen gjennom heile ungdomsskuletida. Det er ein 5 dagars klasseset.

Leirskulen er med på å skape eit godt klassemiljø og ei alternativ veke med team-building. Elevane blir kjende med kvarandre på ein anna måte og knyttar nye vennskapsbånd - også med elevar frå andre skular.

Elevane får utfordre eigne grenser gjennom ulike aktivitetar. Mellom anna får dei prøvd seg på rafting, klatring, paintball, kanotur og sosialt samvær i hytte eller ved leirbål.



## Klassetrivselundersøkingar

Klassetrivselundersøkinga vert gjennomført på alle trinn to gongar i året, første gong i november og andre gong i februar. Elevane på alle trinna skal då svare på dei same spørsmåla om trivsel og mobbing. Vi bruker det digitale verktøyet [klassetrivsel.no](http://klassetrivsel.no). Svara er ikkje anonyme.



## Sosiale tiltak på trinna saman med føresette (t.d frukost, turar)

Føresette vert inviterte med på turar og andre sosiale tiltak på trinna. Dette er positivt for foreldresamarbeidet. Klassekontaktane kan også ta initiativ til sosiale tilstelningar eller samvær på trinnet.

